



## Arkivverket

ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN

8601 MO I RANA

### Vedtak om bevaring - Statens attføringsinstitutt

Dato  
21.05.2024

Vår ref.  
2023/6733

Dykkar ref.  
23/27204

Sakshandsamar  
Hans Knut Trælhaug  
arkivar

PB 4013 Ullevål stadion  
0806 Oslo

postmottak@arkivverket.no  
48 05 56 66

Org. nr.  
961181399

Vi viser til brev av 16. april 2024, der NAV har oversendt forslag til bevaring og kassasjon for papirarkiv etter Statens attføringsinstitutt fram til 1983.

Statens attføringsinstitutt opphørde som eigen arkivskapar i 1983, og forslaget omhandler det arkivmaterialet på papir som enno ikkje er avlevert eller kassert.

NAV meiner 80 kopibøker med klientsaker frå perioden 1969-82 kan kasserast. På grunn av usikkerheit om kva som tidlegare er avlevert, ynskjer Arkivverket at kopibøkene blir bevart. NAV meiner vidare at brukarsaker, totalt 55 arkivboksar, skal bevarast. Arkivverket er einig i dette.

Med heimel i arkivloven § 12, jf. arkivforskriften § 16, vedtek Riksarkivaren følgjande:

- 80 kopibøker med klientsaker frå perioden 1969-82 skal bevarast
- 55 arkivboksar med brukarsaker skal bevarast

Dei øvrige kopibøkene som er nemnd i søknaden kan ikkje kasserast utan nærmare vurdering og vedtak.

Materialet skal mediekonverterast og avleverast digitalt til Arkivverket.

Med helsing Arkivverket

**Kjetil Korslien**  
områdedirektør

**Kjetil Reithaug**  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen underskrifter



Arkivverket

Dykker ref.: 2023/6733

Vår ref.: 23/27204

Vår dato: 16.04.2024

Sakshandsamar: Gitte Tellevik // Seksjon  
informasjonsforvaltning

## Bevarings- og kassasjonsplan for Statens attføringsinstitutt

Vi viser til brev av 02.10.2023 fra Arkivverket der NAV vært beden om å lage ein bevarings- og kassasjonsplan for Statens attføringsinstitutt, som eigen arkivskapar fram til 1983.

Vedlagt fylgjer bevarings- og kassasjonsplanen.

Med helsing

Marte Vidnes Jensen  
avdelingsdirektør  
Seksjon informasjonsforvaltning

Gitte Tellevik  
seniorrådgjevar  
Seksjon informasjonsforvaltning

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

### Vedlegg

Bevarings- og kassasjonsplan for Statens attføringsinstitutt frem til 1983

**NAV // ARBEIDS- OG VELFERSDIREKTORATET // SEKSJON INFORMASJONSFORVALTNING**

Postadresse: Postboks 354 // 8601 MO I RANA  
E-post: arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no

[www.nav.no](http://www.nav.no) //

# BEVARINGS- OG KASSASJONSPLAN

FOR

Statens attføringsinstitutt frem til 1983

---

NAV

Arbeids- og velferdsetaten

## 1. Innleiing

### Føremål

Føremålet med denne bevarings- og kassasjonsplanen er å lage ei beskriving av verksemda Statens attføringsinstitutt og det tilhøyrande arkivmaterialet av papir, slik at ein kan vurdere om arkivmaterialet skal bevarast eller kasserast. Statens attføringsinstitutt er ikkje lenger ein eksisterande verksemd. Den har vore gjennom fleire endringar og tilknytingar, som blir forklart i denne planen. Arkivmaterialet tilhøyrar no NAV – Arbeids- og velferdsetaten og dette er årsaka til at NAV er det forvaltningsorganet som utfører BK-planen.

### Avgrensing

Statens attføringsinstitutt eksisterer ikkje lenger. Det er komplisert å utarbeide ein bevarings- og kassasjonsplan så lang tid etter at verksemda gjekk gjennom endringar, flytta, for deretter verte nedlagd. Forvaltningsdatabasen er kjelde til verksemdhistorikk, men elles finns det ingen skriftlege kjelder til meir historikk. Arkivportalen er kjelde til tidlegare avleveringar. Denne bevarings- og kassasjonsplanen dreier seg derfor om det arkivmaterialet av papir som er tilgjengeleg no og som ikkje enno er avlevert Arkivverket eller kassert.

## 2. Om Statens attføringsinstitutt – organisering og historikk

1946: Registreringssentralen for omskulning av delvis arbeidsuføre vart oppretta. Oppgåva var å skulle arbeide med menneske som trong særleg tilpassing til arbeidslivet på grunn av medfødd svekke, sjukdom eller ulykke. Klientane skulle gjerast klare for arbeidslivet og deretter skulle ein skaffe arbeid til dei.

1956: Registreringssentralen skifta namn til Statens attføringsinstitutt, Oslo med forkortinga Statens attføringsinstitutt. Samstundes vart det oppretta fleire attføringsinstitutt: 1) Attføringsinstituttet for Vestlandet, Bergen, 2) Attføringsenteret i Nord-Norge og 3) Statens attføringsinstitutt i Trondheim.

1983: Statens attføringsinstitutt vart integrert i Arbeidsmarknadsetaten. Frem til 1983 er Statens attføringsinstitutt regna som ein eigen arkivskapar.

1984: Attføringsinstitutta skiftet namn til *arbeidsmarkedsinstituttene*.

1985: Statens attføringsinstitutt endra namn til Statens *arbeidsmarkedsinstitutt*.

1992: Arbeidsmarkedsinstitutta vart erstatta av arbeidsrådgjevingskontor.

1992: Statens arbeidsmarkedsinstitutt endret navn til Senter for yrkesmessig attføring.

2000: Arbeidsmarkedsinstitutta skiftet navn til Aetat Arbeidsrådgjevning og instituttet i Oslo holdt fram på sikt som eining i Aetats 2. Linjeteneste; Aetat senter for yrkesretta attføring.

### 3. Tidlegare avleveringer

Fylgjande informasjon om tidlegare avleveringer av arkiv som hørde til Statens attføringsinstitutt har NAV hentet fra Arkivportalen (S-1562):

- Kopibøker for perioden 1946 - 1969, tilhører kanskje sakarkivet
- Brevjournalar for perioden 1955- 1962, tilhører kanskje sakarkivet
- Sakarkiv for perioden 1964 - 1968
- Klientjournalar for perioden 1946 - 1978

### 4. Beskriving av papirarkiva

Det finns arkivmateriale på papir på to fysiske lagringsstadar.

#### 4.1. Kopibøker av klientsaker

Materialet som NAV har tilgjengeleg av papirarkiv består av 147 stk. innbundne bøker for perioden 02.01.1969 - 30.08.1996. 80 av disse er kopibøker av klientsaker frå perioden 1969-1982 da Statens attføringsinstitutt var eigen arkivskaper.

Etter ein gjennomgang av fleire av kopibøkene frå perioden 1983-1996 ser ein at desse kopibøkene inneheld utgåande brev til klientar og trygdeiningar i samanheng med sakene til klientane.

*Lagringsstad:* dette arkivmaterialet er i Mo i Rana ved NØS Dokumentsenter. Materialet vart sendt til Mo i Rana ved innsamling av arkivmateriale til NAV sitt administrative arkiv.

#### 4.2. Arkivboksar med brukarsaker frå fagdelen i sakarkivet

I tillegg finns det papirarkiv frå den tida Statens attføringsinstitutt Oslo hadde ansvaret for «mottak av kvoteflyktningar til Oslo». Denne oppgåva vart 1.1.1987 overført frå Statens arbeidsmarkedsinstitutt Oslo til Oslo kommune mottakssenter for flyktningar. Dette arkivmaterialet består av:

AMI (Arbeidsmarkedsinstitutt) flyktningar - 20 arkivboksar med brukarsaker frå fagdelen i sakarkivet.  
SAO (Statens arbeidsmarkedsinstitutt Oslo) flyktningar - 35 arkivboksar med brukarsaker frå fagdelen i sakarkivet.

Innholdet i desse arkivboksane bestod av kommunikasjon mellom arbeidsmarkedsinstituttet og brukarane. Det er også informasjon om sjølve brukarane. I tillegg er fleire av mappene om born som flyktningar.

*Lagringsstad:* dette arkivmaterialet er lagra hos Iron Mountain, Vestby. NAV Utland og fellesstenester har ansvaret for arkivmaterialet. er hos NAV Utland og fellesstenester.

## 5. Bevarings- og kassasjonsvurdering

NAV har fylgd Riksarkivarens føringer for arbeid med bevarings- og kassasjonsvurdering i offentleg forvaltning og prinsippa for bevaringsføremåla i arbeidet med å vurdere kassasjon.

### 5.1. Vurdering av kopibøker av klientsaker

**Dokumenterer arkivmaterialet det offentlege organ sin funksjon i samfunnet, utøving av myndighet, rolle i forhold til det samfunnet elles og rolle i samfunnsutviklinga?**

Statens attføringsinstitutt hadde ei særstilling ved å hjelpe menneske tilbake i arbeid. Mest sannsynleg er dette ei hjelp som brukarane fekk i tillegg til andre stønader. Dette var ei oppgåve som berre vart utført av Statens attføringsinstitutt og derfor hadde organet ei eiga myndighet til å utføre denne. Mest sannsynleg er dette også ei oppgåve som vart utført ekspederande då det var klare regler for kven som skulle få hjelp og kor mykje som skulle gjevast. Det kan også tenkjast at det vart utført noko skjønn då brukarane hadde ulik sjukdoms- og skadehistorikk.

NAV kan ikkje finne at det er avlevert klientjournalar eller klientmapper frå 1979 til 1983. Dette kan tale for ei bevaring av materialet, men det materialet som er tilgjengeleg er kopiar av utgåande brev og mest sannsynleg er ikkje dette dokumentasjon som gjev ei stor verdi for forskninga.

**Kan arkivmaterialet gje informasjon om forhold i samfunnet på eit gjeve tidspunkt, og som belys samfunnsutviklinga?**

Det kan vanskeleg seiast at denne dokumentasjonen kan fortelje noko om samfunnet på ei gjeven tid. Det er uklart kor stor del av befolkninga som fekk denne ytinga i forhold til alle som trong det. Det er heller ikkje mogleg å finne ut heile biletet til dei brukarane som fekk denne ytinga.

**Har arkivmaterialet verdi som rettsdokumentasjon?**

Det er lite sannsynleg at dette kan betraktast som rettsdokumentasjon.

**Er arkivmaterialet redundant?**

Det er lite sannsynleg at det finns elektroniske arkivmateriale som er identisk med kopibøkene. Det er derfor ikkje redundant arkivmateriale.

**Korleis er bruksverdien til arkivmaterialet?**

Kopibøkene er i bra stand, det er lett å lese og kvaliteten er bra, men det er vanskeleg å søkje og å finne fram i kopibøkene. Når arkivmaterialet er på papir, er kostnadene høge ved å digitalisere for å kunne avlevere.

**Er det etterspørsel etter dokumentasjonen?**

Vi har ingen indikasjon på at det er etterspørsel etter dokumentasjonen i kopibøkene.

**Har NAV behov for dokumentasjonen?**

NAV har ikkje behov for dokumentasjonen i kopibøkene.

## Konklusjon

NAV har vurdert arkivmaterialet opp mot bevaringskriteriene og ser at det kan være grunnar til å behalde og dermed avlevere dei 80 kopibøkene, men grunnane til å føreslå kassasjon veg tyngst: vi ser ikkje etterspørseren, det er vanskeleg å finne fram i kopibøkene, NAV har ikkje behov for dokumentasjonen og det har liten verdi for forskning. Det er også store kostnader med digitalisering når kassasjonsgrunnane veg meir enn bevaringsgrunnane.

Desse kopibøkene kan derfor vurdere likt med kopibøker for fagsaker etter Aetat jf. Riksarkivarens 15.01.2020. Vedtaket er eit kassasjonsvedtak på kopibøker frå 1971-2006, kassasjonsvedtak 1230.

### 5.2. Vurdering av arkivboksar med brukarsaker frå fagdelen i sakarkivet

#### Dokumenterer arkivmaterialet det offentlege organ sin funksjon i samfunnet, utøving av myndighet, rolle i forhold til det samfunn elles og rolle i samfunnsutviklinga?

Frå 1970 starta Noreg å ta imot mange kvoteflyktningar Dette prega dei politiske målsettingane og arbeidet med integrering vart lagt til statlege verksemder. Til dømes fekk Statens attføringsinstitutt Oslo ansvaret for «mottak av kvoteflyktningar til Oslo». Kvoteflyktningar er menneske som er på flukt då dei ikkje kan få beskyttelse i deira eige land. Dette er særleg utsette menneske og treng derfor særleg hjelp, beskyttelse og tryggheit. Oppgåva til Statens attføringsinstitutt er derfor av stor betydning og dokumentasjonen kan fortelje korleis arbeidet var med å leggje til rette for innvandrarar i starten.

Det er tatt avgjerder på eit lågare administrativt nivå, men avgjerdene har stor betydning for individ med tanke på den hjelpa dei fekk eller ikkje fekk. Dette var sårbare menneske som i stor grad var overlate til saksbehandlar sine vurderingar. Det er likevel mogleg at det var klare reglar for korleis avgjerdene skulle takast. Det er derfor vanskeleg å seie om avgjerdene er basert på skjønn eller ekspederande. Dokumentasjonen består av opplysningar og bakgrunnsinformasjon om kvoteflyktningane og viser den hjelpa som vart satt inn for dei. Mykje av dette er personopplysningar.

Då dette er ei svært spesiell tid for Noreg med dei første store gruppene med kvoteflyktningar, så kan dette betraktast som ein type pionerarbeid.

#### Kan arkivmaterialet gje informasjon om forhold i samfunnet på eit gjeve tidspunkt, og som belys samfunnsutviklinga?

Dokumentasjonen kan fortelje om korleis ein vurderte hjelp til kvoteflyktningar på denne tida og om mogleg korleis samfunnet såg på arbeidet med kvoteflyktningar. Dokumentasjonen kan om mogleg fortelje i noko grad om korleis samfunnet utvikla seg.

#### Har arkivmaterialet verdi som rettsdokumentasjon?

Dokumentasjonen kan ikkje betraktast som rettighetsdokumentasjon.

#### Korleis er bruksverdien til arkivmaterialet?

Dokumentasjonen er leseleg og anvendeleg, det er nytta fødselsnummer slik at ein finn personar ut frå desse.

#### Er det etterspørsel etter dokumentasjonen?

Det er ikkje noko særleg etterspørsel etter dokumentasjonen.

### **Har NAV behov for dokumentasjonen?**

NAV har ikkje behov for dokumentasjonen.

### **Konklusjon**

NAV har vurdert arkivmaterialet opp mot bevaringskriteriene og vurderer dette som eit bevaringsverdig arkivmateriale. Det er ei særspesiell tid med arkivmateriale som kan fortelje om det offentlege sitt møte med dei fyrste kvoteflyktningane.

### **Oppsummering**

NAV ber Arkivverket støtte forslaget om å kassere kopibøkene og bevare arkivboksane. Arkivmaterialet som ein foreslår bevart, kan digitaliserast til HistArk, NAV sin base for eldre brukarsaker.